


# MENIGHETSBLAD

FOR ORKDAL PRESTEGJELD

«Når dere søker meg av hele eders hjerte, vil jeg la meg finne av eder»

Nr. 6 | JUNI 1963 | 13. årg.


# „DEI ANDRE.."

Det er støtt eit og anna som er gale med dei andre. Det verste «dei andre» kan gjere, er å skille seg ut og gå sine eigne vegar. Det kan vere i meiningar eller i livsmønster at dei skil seg ut frå folk flest.

I vår tid har det vorte noko av eit 11. bodord dette: Du skal tilpasse deg. Elles lat oss sitere første bodet i «svartekatekisma», slik Garborg skildrar den i «Haugtussa»: «Ver som alle dei hine!»

Så hender det likevel at eit menneske gjer alvor av kristendomen og prøver å gå den «tronge vegen», enda det er få som går på den. Det sa nemleg Kristus sjølv.

Da seier mange: «Han vil vere betre enn dei andre!» Og så er det ein del menneske også i vår bygd som får den merkelappen på seg: «Dei vil vere betre enn andre». Slik får ein sagt det at desse folka er eit slag hyklarar. For det er akkurat det som er sermerkt for hyklarane at dei lit på seg sjølve, at dei er rettferdige, og ser ned på andre. Det har vi Jesu eigne ord for. (Luk. 18,9).

Men om vi no spør ein som har fått denne merkelappen på seg: «Er det verkeleg slik du er?», så får vi nok eit heilt anna svar.

Svaret kan vi forma slik: «Kvar søndag er eg med i syndsvedkjenninga og sannar at eg har såra Gud med tankar, ord og gjerningar og kjenner den vonde hugen i hjarta mitt. Og kvar dag bed eg om forlating for syndene — slik eg forlet mine skuldmenn — og så skulle *eg* sjå ned på andre? Eg som er ein fatig syndar og berre har Jesu Kristi rettferd å lite på».

Og så ville han legge til: «Men er det verkeleg slik at andre menneske kan tru at eg er sjølvgod og overlegen, da må eg ha vore ein dårleg representant for det audmjuke og milde huglag som Jesus gir sine vener. Og det er eit alvorleg spørsmål eg må stille meg sjølv dagleg: Har eg i dag synt fram for andre noko av den nåde og kjærleik som eg sjølv møter hos Frelsaren?»

Enda eit par ord må seiast: Det kan vere at dei andre har eit rangt bilde av meg. Men det kan også hende at eg sjølv har eit feil bilde av meg sjølv. Vi slår fast *ein* ting: Det er berre Gud som veit kven *eg* og dei andre i grunnen er. Når sanninga skal fram om oss alle, og vi står for hans domstol, da spørst det om kva *Han* meiner om oss.

Derfor skal vi ikkje ta det lettvint med dette spørsmålet: Kven er eg i Guds ords lys?

N.

# Grøtte - bautaen

Det står i Norge så mang en sten
på vakt over gamle høvdingers ben,
og flere stod der i fordums tider;
men så kom forfallets stund omsider,
og navnet glemtes og bautaen skjendtes,
og Norges hæder til vanvyrd vendtes.

(Sivle).

Første gongen ein kjem opp kyrkjebakken og skal til Grøtte-kyrkja i Orkdal, legg ein merke til denne høge steinen som er reist tett ved kanten av det platået kyrkja står på. Og så spør ein seg for hjå bygdefolk om opphavet til denne bautaen. For kunnige folk meiner det er gamal bauta som her er atterreist etter å ha lege lenge i den gamle kyrkjegardsmuren. Her vart denne steinen funnen for 70 år sidan, då nykyrkja vart bygt og kyrkjegardsmuren også vart ombygt.

Det har hendt før at ein bauta har falle ned og vorte atterreist etter lange tider. Denne bautaen kan såleis vere eit godt bilete på mykje i norsk soge.

No kan ingen seia om kven denne steinen var reist for. Så kom den tanken opp hjå folkehøgskolestyrar Ingvald Forfang, at ein kunne knyte saman med eitpar avgjerande historiske hendingar som gjekk føre seg på Grøtte eller Grjotar eller Gryting, som det heiter i den gamle sagaen.

I soga om Harald Hårfagre les vi om Haralds ferd ned gjennom Orkdal. I slaget med ein konge som heitte Gryting, vann kong Harald, Gryting vart fanga og gjekk sidan kong Harald til hande og svor han truskapseid. Og etter dette gjekk alt folket i Orkdølafylket under kong Harald og vart mennene hans.

Den andre storhendinga som har gått føre seg i dette bygdesentret, les vi om i soga om Olav den heilage. Ved Grjotar (= Grøtte) møtte Olav bondeflokken, og dei hadde meir enn 700 mann. Etter nokre tingingar valde bøndene å gjeva seg under kongen, fortel Snorre.

No er det sett ei koparplåte med ei lita innskrift på den gamle bautaen, så han kan stå der som minne om desse to storhendingane i soga åt Orkdølafylket.

Denne innskrifta vart avduka den 17. mai i år. Orkdal kommune løyvde pengar til dette i fjor.

N.

---

## Kasseraren, lærar Nils Ofstad,

ved Monset skole er akkurat fri den føremiddagen vi ringer til han og bed han om nokre opplysningar om den finansielle sida ved menighetsbladet vårt.

Vi spør først kva det kostar å gi ut eit nummer av bladet.

— Svaret er: Det kostar godt og vel 200 kr. å prente bladet i det formatet som det no har. I tillegg til dette må vi ut med vel 100 kr. i porto. Årsutgifta skulle etter dette bli noko over 3000 kr. Og no er vi altså komne så langt at bladet ber seg og vi er kvitt den store skulda. På eitt tidspunkt hadde vi ei gjeld på nærepå 3000 kr. Enda prenteverket viste stort tålmod og fortener stor takk for det, så var det ikkje fullt så triveleg å vera kasserar den gongen. Eg vil også nytta høvet til å senda min takk til dei trufaste bidragsytarane. Det er somme namn som går att fleire gonger i året. Det vitnar om stor kjærleik til bladet og tru på at det vesle menighetsbladet vårt har ei oppgåve.

Da er det naturleg å stilla spørsmålet: Kva meiner du sjølv om bladet?

— Eg likar det. Eg tykkjer det er bra, når eg samanliknar med dei andre menighetsblada som kjem til heimen min.

Vi spør: Du meiner ikkje at det burde vera mykje større?

Til det svarar han som ein klok kasserar: Det kjem no an på kva vi har råd til. Vi bør i alle fall ikkje utvida før vi har pengane, for vi vil ikkje stifta gjeld ein gong til.

Det siste spørsmålet vårt gjeld kvitteringslistene i bladet. Det er nemleg mange som er utålmodige når det går både to og tre månader før kvitteringa kjem i bladet. Dersom ein har tatt imot pengar frå andre og sendt inn til kasseraren, så går bidragsytarane der i månadsvis og lurer på om mellommannen har gløymt å betala inn pengane. Og når dei mest har gitt opp håpet, så kjem kvitteringa langt om lenge. Korleis har det seg at listene i bladet sjeldan blir ajourførte?

Ofstad fortel: Det er ikkje fritt for at eg har høyrt liknande klager. Det er nok plassmangelen som er årsak til dette. For eg sender ajourførte lister over til redaktøren til kvar første i månaden. Når redaktøren blir gjort kjend med at det er eit ønske mellom lesarane, så står han sikkert til teneste med å prente ein storslump kvitteringar på ein gong, enda det kan bli litt dårleg jamvekt mellom dei ulike spaltane i eit slikt nummer.

Til slutt tillet vi oss å seia Ofstad takk for arbeidet han har lagt ned for menighetsbladet. Bladet går no i sin 13. årgang, og Ofstad har vore kasserar heile denne tida.

N.

---

## Avskjedsintervju med Olav Høyem Husby

(Forts. fra forr. nr.).

Det er et par andre ting vi gjerne vil snakke med H.H. om. Det kan bli lenge til vi har for oss en habil orgelekspert igjen. Vi er så frimodige å uttale oss om vår egen smak når det gjelder musikken før og etter gudstjenesten, og forteller H.H. at vi for vår egen del foretrekker at en eller annen koral fra gudstjenesten klinger med i preludiet og postludiet.

Til dette svarer H.H.: Det blir da forskjellige former for koralbearbeidelser, f.eks. det vi kaller koralforspill. Mange fremtredende organister mener at dette er den rette form for musikk ved innledningen og avslutningen av gudstjenesten. Organisten blir da en beskjeden og ydmyk tjener for gudstjenestens hovedtanke og for hele liturgien. Hverken organistens eller andres bidrag til gudstjenesten bør nemlig smake av frittstående soloprestasjoner, for da kommer det lett noe underholdningspreget inn.

Vi nevner at vi en gang har sett «dyp innlevelse i gudstjenestens liturgi» nevnt som en viktig egenskap for en organist. Og så legger vi til at det først var i voksen alder at vi selv nådde fram til å «leve med» i hele liturgien.

Til dette bemerker H.H.: Det var lett for meg å bli glad i vår gudstjeneste alt som gutt. Jeg var jo så vant til å sitte og høre far, som også var organist, spille ved gudstjenesteen i heimbygda.

Til slutt kommer samtalen inn på orglet i Orkdal kapell og hvordan det fungerer. H.H. kaller denne orgeltypen et positiv, og finner at det er et godt instrument. Men så våger vi oss frampå med en bemerkning om at vi enkelte ganger synes vi har hørt visse disharmonier eller skingrende lyder fra dette positivet.

H.H. bemerker: Dette orglet har vel et visst «barokt» klangpreg med bl.a. et par høye, lyse stemmer som lett kan virke noe skarpe i et såvidt lite rom, særlig om man kanskje er mindre fortrolig med denne orgelklang. Jeg har faktisk tenkt på å få laget dører foran orgelprospektet til å dempe av de litt for sterke stemmene.

H. H. viser fram korrespondansen han førte da dette orglet ble tinget. Prisen var ca. 12.000 kroner.

Så spør vi om ikke en del av denne summen blebetalt med kollekter som kom inn under en serie musikkandakter som H.H. holdt i kapellet og kirken.

Jo, svarer H.H., 1954—55 ble det holdt en del slike andakter under medvirkning av prestene. Men det var ikke så mye som kom inn på denne måten. Jeg tror det var ca. 700 kroner. Men kommunen var jo velvillig og bevilget de midler som trengtes.

Under samtalen vår kom det tydelig fram at H.H. har høye tanker om orglets funksjon i gudstjenesten. Men han bad oss føye til at den viktigste oppgaven er å fremme menighetssangen. Her kan frivillige kirkekor være til stor hjelp. I Orkdal har vi dessverre savnet et fast kirkekor, men har fra tid til annen hatt god hjelp på annen måte. Et kor som var fast knyttet til kirken, skulle likevel være et ønskemål som burde søkes realisert.

N.



## God sommer

ønskes alle Menighetsbladets lesere med noen strofer fra vår salmebok:

Gud signe årets grøde,
og fruktbargjør vårt land!
Gi oss nødtørftig føde,
Velsigne land og strand
La dine budord følges,
Og fød oss med ditt ord,
La nådens lys ei dølges
For oss på denne jord!

---

## GAVER

Til Orkanger Menighetspleie er mottatt fra Orkdal Sparebank kr. 300,—. Til konfirmanttestamenter i Orkanger er mottatt fra samme kr. 50.—. Hjertelig takk.

---

## Olsok-feiring.

Det er i år lagt opp en utvidet ramme for olsokfeiringen i Trøndelag. Den faller denne gang i to avdelinger, først 16.—21. juni med hovedvekten på en rekke konserter med Ludvig Nielsens «Olavmesse» som høydepunkt. Neste avdeling blir så 26.—29. juli med framføring bl.a. av «Draumkvedet» i Domkirken og av «Spelet om heilag Olav» på Stiklestad.

---

**PRESTENES FERIER :**

Kallskap. Olsen, 24. juni til 22. juli.
Res. kap. Koren, 16. juli til 13. august.

# MENIGHETSBLAD

For Orkdal prestegjeld

**Utgitt av soknerådene i Orkdal.**

Utk. hver måned unntatt juli og august. Sendes gjennom posten til alle hjem i prestegjeldet, og til alle utenbygdsboende som vil ha bladet.

Kontingent **kr. 4,—** pr. år.

Redaktør: **Kallskap. Olav Olsen.**

Kasserer: **Lærer Nils Ofstad.**

For Orkanger:

**Anton Hoff** og **Nik. Konstad.**

For Orkdal:

**Fru Ingeborg Krogstad Jakobsen.**

For Orkland:

**Lærer Nils Ofstad.**

—

Menighetsbladets trykkeri:

SVORKMO PRENTEVERK


## *Til alle konfirmantene*

både i Orkland og i Orkdal vil jeg få sende en varm hilsen. Temmelig mange blir det tilsammen (22 + 68 =90). En stor del av hjemmenes fremtid og fornyelse. her i Orkdal er knyttet til dere, kjære unge.

Skulle det være et kort ord jeg fikk hilse dere med her i bladet, fikk det bli dette: Hold fast! Stå fast!

Med dette føres vi rett inn til det som er konfirmasjonsdagens mening og maning. Fra Guds side står pakten fast, den som ble sluttet ved vår dåp. Nå gjelder det at **dere** vil holde fast ved Gud og stå fast hos ham — ikke bryte ut eller gå bort fra ham.

Flere av dere har nok spurt: Er det rett fatt med meg? Da får vi si: Å være en rett konfirmant består ikke i å kjenne seg fullkommen eller feilfri. Men det er å si med ærlig vilje: Jeg kan ikke klare meg uten Gud. Hans gave trenger også jeg! Jesus Kristus må også være min frelser. — Skjer dette, får vi leve i lyset av løftet: Han som har begynt en god gjerning i dere, skal fullføre den til Jesu Kristi dag!

**E. K.**

---

### Prostimøte.

Fellesmøte for alle sokneråda i Orkdal prosti var det meininga iår å ha på Nerskogen ein sundag i september. Rennebu sokneråd har sagt seg villig til å ta på seg arrangementet.

## *Skal du på sommerleir?*

**Trøndersk konfirmant-treff:**

**Hegra festning 23.—27. juli.**

Leirleder: Ungdomsprest Arne Paulsen. Pris kr. 35. —. Innmelding innen 1. juli til Trøndelag Indremisjonskrets, Kongens gt. 26, Trondheim.

**Ungdomstreff for tenåringer:**

**Fredly ungdomsskole 4.—8. juli.**

Ledere: Gunnar Prestegård og Ivar Gjerde. Pris kr. 60.— + 5 ved innmelding. Alder over 15 år. Innmelding innen 15. juni til Ungdomskontoret, Staffeldtsgt. 4, Oslo. Arr. Indremisjonsselskapet.

**Landssommerskole for**

**Det Norske Misjonsselskap.**

**Bakketun 24.—29. juli.**

Leder: Landsungdomssekretær Rudolf Moe. Arrangementssjef ungdomssekr. Sverre Røvik. Talere: John Olav Larsen, gen.sekr. Skauge m.fl. Sangeren Lage Wedin. Innmeldelse innen 6. juli til Det Norske Misjonsselskap, Asylgt. 10, Stavanger.

**FORELDRE.**

Vil dere hjelpe barna deres mellem 11—16 år til å få noen fine feriedager, kan dere sende dem til Nerskogen på den leiren som Norges Finnemisjonsselskap arr. fra 20.—23. juni. Leiren koster kr. 30.— + kr. 3 som sendes med innmeldingen til Finnemisjonens kretskontor, Søndre gt. 6, Trondheim, postgiro 87196. Program sendes. Velkommen!

---

**DAMETRIOEN FRA SKI**

besøker mandag 12. august Orkdal kirke kl. 19, og Orkland kirke kl. 21, og medvirker ved møtene som holdes på disse steder.

**KONFIRMANTALTERGANGEN**

blir i Orkland henlagt til en egen aftengudstjeneste torsdag 4. juli kl. 20.

I Orkdal blir den ved gudstjenesten søndag 14. juli.

**ORKLAND, 25-årskonfirmanter.**

En hyggelig plan er dukket opp om å samle konfirmantene fra 1938 i Orkland til et «jubileumstreff» onsdag 25. september. Interesserte bør notere datoen i god tid og sette alt inn på å komme.



## Konfirmanter i Orkland kirke 30. juni 1963

Gutter:

Dalen, Svein Oddvar
Garberg, Ola
Hoston, Ingebrigt
Koren, Jan Vilhelm
Kværnvik, Erik Leon
Lund, Per Osvald
Sommervold, Ingemar Herbert
Strømsvåg, Per Egil
Walstad, Jon Ludvik
Øverby, Edvin Terje.

Piker:

Bredesen, Else Marie
Føll, Brit Margrethe
Grendal, Gunnbjørg
Hoston, Audhild
Ljøkjell, Arnhild
Løkken, Anny
Opøyen, Berit Jorfrid
Paulsen, Liv Anne
Rikardsen, Else Marie
Singsdal, Målfrid Johanne
Tallerås, Magnhild
Tronvoll, Eldbjørg.

## Konfirmanter i Orkdal kirke 7. juli 1963

Gutter:

Andøl, Odd Ivar
Arntsen, John
Birkeland, Gunnar
Bratlie, Kjell Olav
Buan, Inge Roald
Rye, Frode Elvin
Dahlø, Oddbjørn
Dørdal, Atle Martin
Forve, Ola
Fossbakk Magne Arvid
Garberg, Størker
Kringstad, Per
Krokstad, Gjermund
Kvakland, Einar
Kvernrød, Erling Oddbjørn
Kvåle, Pål Martin
Kårmo, Kjell-Arne
Lium, Stener Johannes
Løvås, Inge Sverre
Meistad, Knut
Melås, Ingar
Moe, Sturla
Mogseth, Asbjørn Fredrik
Nyhus, John
Nøsen, Per Malcolm
Oddli, Stein Inge
Singstad, Bjørn Inge
Skaugen, Arne
Solem, Tor-Ivar
Solemsløkk, Ola
Sommervold, Alv Magne
Vullum, Ivar
Wik, Svein-Erik
Ødynn, Magne Jostein
Aas, Jens-Olav.

Jenter:

Andersen, Astrid
Askim, Åshild
Auset, Ingeborg Synnøve
Bakk, Sigrild Pauline
Blåsberg, Ingebjørg
By, Brit Kjellrun
Ekli, Jorun
Engmann, Aud
Evjen, Toril
Forbord, Marit
Forvemo, Mildri
Fossum, Kirsten Oddveig
Gangås, Erna
Hanssen, Synnøve
Harsvik, Erna
Klefsås, Johanne
Lid, Turid
Lund, Randi
Oddan, Johanne
Røhme, Ragnhild
Rønning, Åse
Sende, Kjellaug
Singstad, Mildrid Oline
Snøsen, Birgit
Solem, Mildrid Merete
Sommervold, Brit
Sommervold, Kari
Stenseth, Marianne
Sundli, Aud Laila
Sundli, Solrund
Trønsdal, Ragna
Tuflått, Åshild
Vatslag, Erna Oddny.

## Orkland.

Planen om bårehus ved Moe kirke er nu rykket et skritt nærmere sin løsning. Saken har vært forelagt riksantikvaren og stiftsdireksjonen som har godkjent tegningene. Departementet samtykker i at Orkland kirkefond blir nyttet til formålet.

---

**PAVE JOHANNES DEN 23.**

døde 2. pinsedag, 3. juni. Tross våre protestantiske reservasjoner overfor romerkirken nevner vi denne begivenhet her i bladet. S elv om funksjonstiden ikke ble lang, ca. 4 ½ år, har pave Johannes allerede skapt epoke, ser det ut til, ved å gi uttrykk for og la komme til uttrykk tanker og strømninger innen den katolske kirke som ingen idag kan overskue rekkevidden av. Det er å håpe at det beste i det den avdøde pave fikk satt i verk, kunne føres videre til varig verdi og velsignelse.

**I SOLSJØBYGDA**

blir det gudstjeneste søndag 16. juni kl. 11, hos Grendal. Konfirmantene fra Fannrem er innbudt til å lage sykkeltog oppover. Kanskje også noen konf.foreldre eller andre vil ta bilen og ha nistekurv med.

Velkommen til Solsjøstevne!

**YNGRES- og JUNIORLEIR**

for Det norske misjonsselskap holdes på Torshus i dagene 29. juni — 8. juli.

**SANGERINNEN**

Åse Nordmo Løvberg besøker Fannrem og vil gi en kirekkonsert i Orkdal kirke mandag 17. juni kl. 20. Mange orkdalinger vil sikkert nytte dette høve til å høre en av våre fremste kunstnere idag på sangens område. La oss fylle kirken den kvelden!

**EN SPEIDERLEIR**

blir avviklet på Furumoen ved Gjølme 28. juni— 2. juli. Det er Trøndelag krets av Norges kr. Ungdomsforbund som har lagt sin kretsleir dit disse dagene. Vi ønsker de ca. 200 deltagerne god leir og et hyggelig opphold i dalen vår!

**TELTMØTER.**

Ved Evjen skole blir det reist telt og holdt møter 14.—25. august. Trøndel. Indremisjons-krets arrangerer.

Ole Lilleberg blir hovedtaler. Og ellers hjelper dalførets sangkrefter med sang og musikk.

**NESTE NUMMER**

av menighetsbladet kommer i september.

## *Hva ungdom bør vite*

Noen hver kan forferdes over hvordan alkoholmisbruk kan ødelegge et hjem og skape lidelser for eldre og yngre, ikke minst for barna.

Ingen har tenkt å bli alkohliker, men mange er blitt det. Hvordan? Det er vanens makt og festmiljøets trykk. Skal det være fest, må alkohol følge med. Vi må ikke være dårligere enn andre, slik tenker man. Vi må følge med. Men skal vi det i alt?

Her er et ord til ettertanke for ungdom med livslengsel og livsmuligheter. Det er uttalt av overlegen ved ett av våre kursteder for alkoholskadde: Hør og glem det ikke: Den som begynner å drikke i 25-års alderen, kan bli alkoholiker på 12—15 år. Men den som begynner i 15—20-årsalderen, kan bli det på 3 måneder!

I høy grad: Vestigia terrent, SPORENE SKREMMER!

Moss menighetsblad.

---

**FRA LANDSMØTET FOR DIAKONIEN I OSLO.**

Et blikk bakover i årgangen viser at det ofte her i bladet har vært meldinger som bærer bud om øket syn for de diakonale oppgaver som idag kaller på innsats rundt om i Norges menigheter.

I dagene 26.—28. april fikk jeg høve til en Oslotur og forsøkte å følge endel forhandlinger og foredrag ved det store landsmøte for diakoni som fant sted da. Her kan ikke gåes i detaljer, men bare understrekes at møtet var fylt av en aktiv ånd. Det ga deltagerne en mektig visjon av den side som, parallelt med troen, hører uløselig **med** i den enkeltes og menighetens liv: Tjenesten for mitt medmenneske, omsorgen for dem på livets skyggeside. Går jeg forbi? — slik lød ett av foredragene, med hentydning til fortellingen om den barmhjertige samaritan. Han så nøden og handlet — personlig og praktisk.

Den store oppslutning viste interessen, og hver enkelt deltager fikk en sum av impulser å ta med hjem.

E. K.

**BILDER**

besørges innrammet.

**Anton Ask, Fannrem.**



## *GAVER til bladet*

**ORKLAND**

**Ved Oddlaug Høston:** Johanne og Peder Øyum 5. Marit og Arne Togstad 10.

**Ved Nils Ofstad:** Randi og Peder Grendal. Helga og Nikolai Ljøkjel. Ola Brattset. Elias Hoston. Anne og J. M. Asbøll. Berit Bjørndal. Alle bet. kr. 10. Knut Klefsås. Ingeborg Kroksæter. Bjarne Wahl. Inga og Peder Løseth. Alle bet. kr. 5.

**Ved John Fagerli:** Marie Lund kr. 5. Rasmus Simoshaug kr. 10.

**Ved Marit Berbu:** Per Årli. Jo Bakken Asbøll. Str. Karen Rønningsbakk. Gjertrud Rønningsbakk. Alle bet. kr. 10. Ola Lomundal 5.

**ORKDAL**

**Ved I. K. Jakobsen:** Per Ødyn. Anne Rikstad. Arne Ljøkelsøy. Egil Aamot. Anne og Anders Kjelstad. Margareth Nødtvedt. John L. Solem. Lars Skarholt. Ole Lefstadaune. Johanne og O. Hallem. A. Stenersen. Anne og A. Andøl. Signe Berg. Bjarne Mjølhus. Peder Sveeggen. Reidar Halgunset. Anna og Anne Ødegård. Guri M. Bye. Marie og Hjørleiv Eldevik. Gudrun og Kr. Wolden. Sivert Gjønnes. Anna Mjøen. John K. Søvassli. Gunnar Melås. B. Bentsen. Odd Fossum. Martin Ebbesen. Anders Løkken. O. B. Dahl. Gurine Solhusløkk. Marit og Arnulf Kvål. Jon Aae. Sofie Kristoffersen. Lars Eggan. Kristian Sørli. Kjellaug og A. Skrondal. Solveig Galåen. Per Dahl. Martha og Ivar Hollum. Alle bet. kr. 10. Barbro Rønningsbakk. John Eide. Serianna Sølberg. Karl Blåsmo. Karen Blokkum. Knut Snilldal, jun. Lovise Kjønli. Trond Rønning. Olav Lillery. Gjertrud Sølberg. Ole Langås. Sverre Fossum. Ole Meås. Kristian Fossløkk. John Hesthnæs. Sigvart Gangåssæter. Elsa Andersen. Odin Vasli. Lava Sundli. Karen Mo. Gudrun Kjøren. Lars Solem. Ingeborg Inegla. Marie Skivevold.. Arthur Torgersen. Ole Tronvold. Dagny Kvam. Nils Åsmul. Kristian Skar. Bernt Ustmo. Johan Sundli. Alle bet. kr. 5.

**Ved lærar Rindal:** Eli og Sivert Fandrem 10. Ingrid og Ingv. Rindal 10. Ingeborg og Johan Berg kr. 5.

**Ved Per Asphjell:** Anna og Bernt Solemsløkk kr. 5. Marie og Johan Fr. Evjen kr. 10.

**Ved Olav Olsen:** Oline Reitan kr. 5.

**Ved Lars Bonvik:** Marie Vormdal. Gunhild Skjenald. Nils Hansen. Karen Svorkmo. Adolf Værnes. Sverre Skjetne. Alle bet. kr. 5.

**Ved Nødtvedt:** O. Ranes kr. 8. J. E. Gautvik. T. Dahlgren. Anonym gjevar. Alle bet. kr. 5. G. Jacobsen. John Asphjell. S. Gjelsvik. O. Nygaard. T. Hauge. Tr. Ræder. H. Hoel. T. Garberg. M.D. Anonym gjevar. Alle bet. kr. 10.

**ORKANGER**

**Ved Olav Olsen:** Tora Liøkelsøi. I. og J.T. M. og S.O. Egil Pedersen. Petter Antonsen. Magnhild og Ingvald Solbu. Alle bet. kr. 10.

Valborg Bakk. Brynhild Jakobsen. Sigrid Strandly. Ellen Storvik. Alle bet. kr. 5. A.S. 25.

Orkdal Sparebank kr. 200.

**Ved Nik. Konstad:** Anna Bye. Martin Eggen, Evjen. John Graven. N.K. J. Nærvik. Alle bet. kr. 10. Ingeborg Wormdal. Christiane Wold. Pauline Olsen, Gjølme. Alle bet. kr. 5.

**Ved Anton Hoff:** Karen-Martha Gjønnes. Johanne og Odd Lorentsen. Klara og Magne Aune. J. S. J. Karen og Th. Abelvik. Konstanse Kvarsnes. Johanna Mathisen. Bjørg og Martin Lund. Olga og Ingvald Monsen. E. N. Alle bet. kr. 10. Ingeborg Moe. Nilsine Rein. Leif Løseth. Anne Dragseth. Marie og Ole Døhl. Alle bet. kr. 5.

**UTENBYGDS**

**Ved Olav Olsen:** Peter Husby, T.heim kr. 10. Ørnulv Esaiassen, Tr.heim 5. Julie Lade, Porsgrunn 5.

**Ved Marit Berbu:** Kristine Ljøkelsøy, Tr.-heim kr. 10.

**Ved Koren:** Helgerud, Ler kr. 10.

**Ved I. K. Jakobsen:** Evelyn Kvam, Sentralsykehuset, Tønsberg kr. 5. Marie Bach, Flekkefjord kr. 5. Gudrun Kirkvold, Tydal kr. 5.

Hjertelig takk.

---

## Uthuset ved Grøtte kyrkje.

Så lenge det gamle uthuset enno står og ruver ut imot bygda, kan folk undrast på om det nye uthuset, som er støypt i betong, er ferdig. Dersom du ser etter sjølv, så finn du eit fullt ferdig uthus med to toalett, lagerrom og opphalldrom for kyrkjetenar og gravar. Sokneråd og kyrkjeverge fortener lovord for den fine plaseringa. Uthuset blir mest borte i landskapet.

Sluttoppgjeret vart ordna slik at kommunen dekte underskotet, kr. 7,426,34.

Avlidne stasjonsmeister Halseth's legat vart nytta, men enno står det noko att av desse pengane.

---

## PREIKELISTEN:

16/6: Orkdal kl. 11: Leergaard
Orkanger kl. 11: Olsen.
Solsjøbygda kl. 11: Koren.

23/6: Orkdal kl. 11: Olsen.
Orkland kl. 11: Koren. Samtale med konfirmantene.
Kirkebuss fra Hoston kl. 9,45 om Monset.
Orkanger kl. 11: Leergaard.

30/6: Furumoen, Gjølme kl. 11: Speidergudstj.
Orkland kl. 11: Koren. Konfirmasjon.
Ofring til Menighetsfakultetet.
Kirkebuss fra Hoston kl. 9,30 (merk tiden) om Monset.

3/7: Orkdal kl. 18: Koren. Samtale med konfirmantene.

4/7: Orkland kl. 20: Altergang for konfirmanter og andre.
Kirkebus fra Hoston kl. 19 om Monset.

7/7: Orkdal kl. 11: Koren. Konfirmasjon. Ofr. til konfirmanttestamenter.
Orkanger kl. 19: Leergaard.

14/7: Orkdal kl. 11: Koren. Altergang for konfirmanter og andre.
Hoston kl. 11: Leergaard.

Forandringer kan inntreffe. Se lokalavisen.

## SLEKTERS GANG

### Døpte. Orkanger.

10/3: Guri Krovoll
Per Morten Lorentsen
22/3: Hilde Olsen
Rolf Erik Strand
24/3: Fred Ronny Mælen.
29/3: Jonny Erik Larsen
Helge Jomar Larssen
31/3: Tove Fageraas
11/4: Roar Reitan
Vigdis Apold
7/4: Toril Blåsmo (døpt i Orkdal)
12/4: Nina Jakobsen
14/4: Sissel Eilertsen
21/4: Hilde Johanne Stadaas
28/4: Sigrid Anita Rye (døpt i Orkdal)
5/5: Tore Gjersvoll
12/5: Frode Lillesand
Kari Lillesand
19/5: Snorre Wolden
23/5: Liv Anne Kielland.

### Vigde. Orkanger.

9/3: Vilhelm Magnus Børresen
Åsela Kristin Reitan
30/3: Dagfinn Pevik, Furuset Langhus
Ruth Synnøve Christiansen, Tr.heim
Bjarne Heglund, Orkanger
Josefine Synnøve Fjeldal, Orkanger
6/4: Tore Nordberg, Oslo
Solveig Midttømme, Oslo
Gisle Brynjulf Rødseth, Stranda
Kari Margrete Jensen, Orkanger
10/4: Ola Forbregd, Oppdal
Marit Olsvik, Orkanger.

### Døde. Orkanger.

6/3: Klara Marie Dragset, f. 1891
11/3: Martine Henriette Ødmann, f. 1878.
9/4: Marit Opøien, f. 1888
11/4: Ole Martin Martinsen, f. 1882
23/4: Beret Johanne Jenssen, f. 1888
29/4: Oline Eggan, f. 1892.
3/5: Sigurd Nilssen, f. 1878
7/5: Johanna Sundli, f. 1880
17/5: Leif Inge Kristoffersen, f. 1962.

### Døpte. Orkland.

12/4: Ingrid Ljøkjel.

### Døde. Orkland.

14/3: Gunhild Viken, f. 1872
21/4: Karen Hongslo, f. 1879.
12/5: Marianne Hongslo, f. 1905
15/5: Arne O. Opøien, f. 1908

GODT UTVALG AV
SØLVVARER
til
BARNEDÅP BRYLLUP KONFIRMASJON
JOHN RØHME
GULLSMED — ORKANGER

**Hoff's begravelsesbyrå**
Kister og svøp.
Begravelsesbil.
Gravmonumenter.
Telefon: Orkanger 66.

**Gravmonumenter**
i alle prisklasser og modeller i førsteklasses utførelse kan bestilles hos meg.
Monumentene leveres fraktfritt og fritt oppsatt.
BERNT GROVEN Svorkmo.